



**Bremanger kommune**  
bremanger.kommune.no

***Leve, virke, nyte – heile livet!***

## **Kommuneplan for Bremanger 2018-2030**

**Samfunnsdel og arealdel**

### **Planprogram**

Ver. 15.11.18

# 0. Innhald

---

1.	Innleiing.....	s. 2
2.	Visjon og målsetjing.....	s. 2
3.	Bakgrunn for planarbeidet .....	s. 3
4.	Planprogram – kva er det? .....	s. 4
5.	Organisering av planarbeidet .....	s. 4
6.	Føremål med kommuneplanen.....	s. 5
	6.1 Samfunnsdelen.....	s. 5
	6.2 Arealdelen.....	s. 5
	6.3 Handlingsdelen.....	s. 6
7.	Føringar for planarbeidet.....	s. 6
8.	Kva utvikling ønskjer vi for Bremanger-samfunnet ?.....	s. 7
	8.1 Samfunnsdelen.....	s. 7
	8.2 Arealdelen.....	s. 10
	8.2.1 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse.....	s. 10
9.	Medverknad og framdrift.....	s. 15
	9.1 Medverknad (Pbl §5).....	s. 15
	9.2 Framdriftsplan for kommuneplanarbeidet.....	s. 16

# 1 Innleiing

Ein grunnleggjande føresetnad for at Bremanger kommune skal ha ei livskraftig framtid er at folk ønskjer å bu innanfor kommunen sine grenser og at dei får dekka basisbehova sine der. Bustad, arbeid, gode velferdstenester og høve til å fylle fritida med meningsfylte aktivitetar står heilt sentralt i denne samanhengen.

Bremanger kommune skal i samsvar med Kommuneloven § 5 og Plan- og bygningsloven § 11-1 utarbeide ein kommuneplan som inneheld både ein samfunnsdel med handlingsplan og ein arealdel.

Kommuneplanen er kommunen sitt overordna politiske styringsdokument. Planen skal konkretisere politiske visjonar, mål og strategiar for ei ønska utvikling av Bremanger kommune - som samfunnsutviklar, tenesteproducent og utøvar av mynde.

Vi veit at kommunen står overfor store utfordringar i dei kommande tiåra. Endringar i befolkningsamansetnad kan føre til færre yrkesaktive og fleire pensjonistar. Dersom vi ikkje greier å auke folketalet ved tilflytting vil folketalet verte redusert, noko som vil skape store utfordringar i høve til å oppretthalde desentralisert tenestetilbod og attraktive lokalsamfunn. Dette planprogrammet skal skissere kva for tema som er viktige å arbeide med for å møte utfordringane kommunen som heilskap står overfor i åra som kjem.

## 2 Visjon og målsetjing

Gjennom arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel må det avklarast kva visjon vi skal ha for Bremangersamfunnet.




Visjonen skal ligge til grunn for alt kommunalt planarbeid, og vi fastset mål i kommuneplanarbeidet t.d vekst i folketal/sysselsetjing, trivsel etc. som skal byggje opp under visjonen.

# 3 Bakgrunn for planarbeidet

Kommunestyret i Bremanger godkjende 15.06.2017, sak KST-31/17, Planstrategi for Bremanger kommune 2017-2020. Gjennom planstrategien legg kommunestyret føringer for planarbeida som skal gjennomførast i perioden.

I planstrategien er det bestemt at arealdelen til kommuneplanen skal reviderast og at det skal utarbeidast samfunnsdel til kommuneplanen i 2017/2018.




Arealdelen til kommuneplanen vart vedteken i 2004 og skal reviderast.

Bremanger kommune har ikkje tidlegare vedteken samfunnsdel til kommuneplanen, og det må difor utarbeidast ny samfunnsdel.

## 4 Planprogram – kva er det?

---

Plan- og bygningslova §4-1 set krav til utarbeiding av planprogram ved revisjon av kommuneplanen.



Planprogrammet skal:

- Gjere greie for føremålet med planen.
- Gjere greie for planprosessen med fristar og deltakarar
- Syne opplegg for medverknad
- Syne kva alternativ/tema som vil bli vurdert.
- Syne trongen for utgreiingar.

Forslag til planprogram skal sendast på høring og leggjast ut til offentleg ettersyn samtidig med varsling av planoppstart. Planprogrammet vert fastsett av kommunestyret.

## 5 Organisering av planarbeidet

---

Kommuneplanarbeidet vert organisert som eit forprosjekt og planlagd og følgd opp etter PLP-metodikken.

Oppdragsgjevar og prosjekteigar (PE) er kommunestyret. Kommunestyret skal såleis godkjenne planprogram og kommuneplan.

Styringsgruppe (SG) for prosjektet er formannskapet. SG si rolle er å sikre at planarbeidet er forankra i dei politiske partia og at kommunikasjon med og medverknad av innbyggjarane vert ivareteke. Formannskapet skal også handsame planframlegg før utlegging til offentleg ettersyn og før endeleg handsaming i kommunestyret.

Ordfører er prosjektansvarleg (PA). PA er prosjektleiar sin representant i forprosjektet og har det overordna ansvaret for at planarbeidet skjer i samsvar med føremål og føresetnader. PA leiar styringsgruppa.

Rådmann, Tom Joensen, er prosjektleiar (PL) og har det operative, utøvande ansvaret for gjennomføring av forprosjektet.

Det vil bli etablert arbeidsgrupper innanfor dei ulike strategi-/satsingsområda som vil få i konkrete oppdrag i plangjennomføringa i høve til hovudtema i planen.

## 6 Føremål med kommuneplanen

---

### 6.1 Samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel skal ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for Bremangersamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon.

Folkehelseoversiktsdokumentet for Bremanger kommune 2017 gjev innsyn i folkehelsesituasjonen og skal danne grunnlag for kommuneplanarbeidet. Jf. Lov om folkehelsearbeid § 6.

Samfunnsdelen skal leggest til grunn og gje retningslinjer for arealdelen til kommuneplanen, f.eks. i høve til demografisk utvikling, utbyggingsmønster og forslag til tiltak knytt til utfordringar som går fram av folkehelseoversiktsdokumentet for kommunen. Nye tiltak og endringar knytt til infrastruktur, og evt endringar i arealbruk som fylgje av omlegging av kommunale tenester må også vidareførast frå samfunnsdelen til arealdelen av kommuneplanen.

### 6.2 Arealdelen

Som del av kommuneplanen skal kommunen også ha ein samla arealplan, for å sikre heilskapleg og forsvarleg arealutnytting. Arealdelen omfattar plankart, føresegner, retningslinjer og planomtale med konsekvensutgreiingar. Gjeldande arealdel til kommuneplanen vart vedteken av kommunestyret 27.04.04. Etter dette er det også vedteke kommunedelplanar for Bremangerbygda (2007), Botnane (2014), Rugsund-Leirgulen (2013, med tillegg i 2015), Svelgen-Indrehus (2015) og Davik (2016). Desse kommunedelplanane vert vidareført, med unntak av kommunedelplanen for Bremangerbygda, som er planlagt innlemma i den samla arealplanen.

Kommuneplanen sin arealdel skal ta for seg hovudtrekka i korleis areala skal brukast og vernast, og kva for viktige omsyn som skal ivaretakast ved disponering av areala. Arealplanen skal ha eit langsiktig perspektiv, og skal difor vere fleksibel slik at det er mogleg å innpasse nye behov og moglegheiter.

For nye utbyggingsområde, eller ved vesentleg endring av eksisterande, er det krav om konsekvensutgreiing av verknaden for miljø og samfunn, jf. Forskrift om konsekvensutredning. Utgreiingsbehovet skal avklarast i planprogrammet.

### 6.3 Handlingsdelen

Plan- og bygningsloven § 11-1 set krav til at kommuneplanen skal ha ein handlingsdel som viser korleis planen skal fylgjast opp dei kommande fire åra eller meir, og denne skal reviderst årleg. I handlingsdelen skal det gjerast ei samla prioritering over tiltak, for å nå dei mål som er sett i overordna plan.

For å sikre at konkrete framlegg til tiltak blir årleg oppdatert, skal handlingsdel utarbeidast i samband med økonomiplanen, som vert rullert kvart år. I handlingsdelen bør viktige føresetnader for økonomiplanen oppdaterast. Dette vil redusere behovet for rulling av samfunnsdelen, samtidig som ein får på plass naudsynt kunnskap for budsjettarbeidet.

## 7 Føringer for planarbeidet

---

Ved utarbeiding av samfunnsdelen og revisjonen av arealdelen må det takast omsyn til nasjonale, regionale og lokale føringer. Sentralt står dei nasjonale forventningane til kommunal og regional planlegging, vedtekte ved kongeleg resolusjon 12.06.15. På regionalt nivå er det vedteke ei rekkje regionale planar og fylkesdelplanar, der m.a Regional transportplan vil ha stor påverknad for utviklinga av Bremangersamfunnet.

Planstrategien for Bremanger kommune 2017-2020 vart godkjend av kommunestyret i Bremanger 15.06.2017, sak KST-31/17. Planstrategien peikar på utviklingstrekk og utfordringar for kommunen, og legg føringer for kva tema og område som skal innarbeidast i ny kommuneplan.

Folkehelseoversiktsdokumentet er ei skriftleg oversikt over helsetilstanden til innbyggjarane og dei positive og negative faktorar som kan verke inn på helsestilstanden. Oversikta gjev opplysningar og faglege vurderingar knytt til årsakstilhøve og konsekvensar.

Oversikta gjer opplysningar om:

- Oppvekst – og levevilkår
- Fysisk, biologisk, kjemisk og sosialt miljø
- Skadar og ulykker
- Helserelatert åtferd
- Helsetilstand

Folkehelseoversiktdokumentet (godkjent av kommunestyret i Bremanger 16.03.2017) gjev oss kunnskap om trendar, utfordringar og utvikling i kommunen. I planprogrammet vert dette eit viktig kunnskapsgrunnlag for å velje strategiar for å skape ønska utvikling i Bremangersamfunnet. På bakgrunn av funna i Folkehelseoversikts-dokumentet vil vi i kommuneplanarbeidet særleg fokusere på tiltak for å påverke den demografiske utviklinga og utjamne sosiale skilnader.

# 8 Kva utvikling ønskjer vi for Bremanger- samfunnet ?

---

## 8.1 Samfunnsdelen

Kommuneplanen sin samfunnsdel er eit viktig utgangspunkt i planlegginga av framtida til Bremanger gjennom utforming av verdiar, visjonar og overordna mål for kommunen.

Ein visjon kan definerast som eit framtidig bilete av korleis vi ønskjer at Bremanger skal vere. Visjonen er eit uttrykk for ønska til innbyggjarane, behova, verdiane og draumane.

Måla skildrar meir konkret kva ein ønskjer å oppnå.

Sentrale spørsmål som kommunestyret må stille seg i arbeidet med å finne ein visjon er:

- Kva verdiar skal prege Bremangersamfunnet?
- Kva overordna verdiar bør leggest til grunn for kommuneplanen?
- Korleis kan vi verkeleggjere overordna verdiar?
- Kva er Bremanger sin identitet?

Kommunestyret i Bremanger utarbeidde i møtet 01.03.2018 visjon for Bremanger kommune: Bremanger: **Leve, virke, nytte - heile livet.**

I samsvar med pbl § 11-2 skal samfunnsdelen ta stilling til langsiktige utfordringar, mål og strategiar for kommunesamfunnet som heilskap og kommunen som organisasjon. Når kommuneplanen utformast må den ta utgangspunkt i kommunen sine utfordringar.

Bremangersamfunnet si hovudutfordring i åra framover er folketalsutviklinga. Og dersom vi skal ha busetnad i bygdene i Bremanger i framtida, må vi gjere Bremanger-samfunnet attraktivt. I følgje Telemarksforskning kan stader vere attraktive på tre måtar. Desse kan forklare utviklinga på staden og danne grunnlag for utviklingsstrategiar.




Fig: Attraktivitetspyramiden (Telemarksforskning)



Alle stader er attraktive på ein eller annan måte. Etter at betre kommunikasjonar har gjort det muleg å pendle over større avstandar, kan nokre stader vekse fordi det er gunstig å bu der. Nokre stader er attraktive fordi det er gunstig å produsere noko som kan eksporterast til andre stader, medan nokre stader er attraktive fordi dei trekk til seg besøkande som skapar arbeidsplassar i besøksnæringar.

Trendane i utviklinga i tal arbeidsplassar i Noreg er at basisnæringane krympar og utgjer stadig mindre del av sysselsettinga. Besøksnæringane aukar og vert relativt sett viktigare. Lokale næringar aukar mest, men er avhengig av bustadsattraktivitet. Flytting vert ofte forklart med vekst i tal arbeidsplassar: At folk flyttar til stader med arbeidsplassvekst og folk flytter frå stader med arbeidsplassnedgang. Men mange kommunar har flytting som avvik sterkt frå dette mønsteret. Nokre kommunar har innflytting langt over det arbeidsplassveksten skulle tilseie. Desse er attraktive som bustadkommunar. Det sentrale spørsmålet er då kva som gjer desse kommunane attraktive. Er det kultur, omdømme, identitet, toleranse, eller natur og friluftsmulegheiter?

Konklusjonane er at dei mest sentrale tiltaka for at ein stad skal bli attraktiv som **stad å bu** er å:

1. Stimulere til bustadbygging
2. Skape sosiale møteplassar og sentra
4. Leggje til rette for betre kommunikasjon for pendlarar
5. Take vare på innvandrarar

For å bli meir **attraktive for bedrifter**, så er det viktigaste at vi:

1. Blir attraktiv for kompetente (kompetansearbeidsplassar)
2. Samarbeider over kommunegrensar
3. Satsar på innovasjon og nettverk


Og for å bli attraktiv som **besøkskommune**, så må vi leggje til rette for:

1. Tenester og opplevingar for eigne innbyggjarar
2. Tenester og opplevingar for andre andre i regionen
3. Teneste og opplevingar for langveisfarande
4. Hyttebygging/overnatting

Dette handlar mykje om å tilretteleggje for opplevingar og kulturelle aktivitetar.

Elles handlar suksess om at ein har ein offensiv og optimistisk utviklingskultur, at det er kort veg mellom idéar og avgjerder, og at eldsjelene vert gjeve tillit og handlingsrom. Dei lukkast der menneska på staden evnar å snu seg raskt og gripe tak i dei moglegheitene som byr seg. Lokalsamfunna som lukkast har i dei fleste tilfella ein kommune med på laget. Og kommuneorganisasjonen evnar å vere tilretteleggjar, dørøpnar, pådrivar og støttespelar. Kommunane som lukkast best er kjenneteikna av at kulturen i kommuneorganisasjonen har eit sterkt innslag av samarbeid, ekstern merksemd og entreprenørskap. I tillegg til å levere gode basistjenester til innbyggjarane, må kommuneorganisasjonen såleis vere prega av ein offensiv kultur.

Med dette «bakteppet» har ein vald å prioritere følgjande fire hovudtema i kommuneplanarbeidet:



I tillegg til dei fire hovudtemaa vert det også peika på fire kjernetema som kjem til å vere gjennomgåande for alle dei fire hovudtemaa, jfr. figur.

- Folkehelse
- Grøne val
- Infrastruktur
- Beredskap/tryggleik

Dei ulike temaa i samfunnsdelen vert skildra ved å skissere eit framtidsbilete – mål for framtida:

«Korleis må desse områda fungere for at vi skal oppfylle visjonen for Bremanger kommune?»

Samfunnsdelen må også seie noko om no-situasjonen. Avstanden mellom framtidsbiletet og no-situasjon er utgangspunktet for eventuelle tiltak som må settast i verk.

Tiltaka/målsetjingane bør utformast slik at resultat og mål kan nåast gjennom handlingsplanar som vert årleg vedteke i samband med budsjett- og økonomiplanlegginga.

I prosessen med utarbeiding av samfunnsdelen av kommuneplanen ser ein føre seg følgjande arbeidsmetode (døme):

Tema	Framtidsbilete 2030	No-situasjon	Tiltak
Alle	Bremanger kommune skal ha stabilt folketal over 4500 innbyggjarar innan 2030.	Folketalet er 3 800 i 2017.	1. 2.

## 8.2 Arealdelen

Gjeldande arealdel frå 2004 er utarbeidd i medhald av plan- og bygningslova av 1985. Ved revisjon av planen tek ein utgangspunkt i eksisterande arealplan, med nødvendige endringar/suppleringar som følgje av nytt regelverk og nye arealpolitiske føringar. Nye arealbehov som kjem fram i samband med arbeidet med samfunnsdelen til kommuneplanen skal innarbeidast i arealplanen. Kommunen fekk i 2017 nye faresonekart som dekkjer ein stor del av eksisterande busetnad i kommunen, og desse må innarbeidast i arealdelen til kommuneplanen.

Tema som vil vere sentrale for arbeidet med arealdelen vil vere:

- Byggjeområde for næring og bustad
- Sjøområde og strandsone
- Jordvern, landbruk og friluftsliv
- Infrastruktur
- Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap
- Vassmiljø
- Mineralressursar

Med utgangspunkt i samfunnsdelen må arealplanen skissere eit framtidsbilete for dei ulike områda:

«Korleis må areala i kommunen disponerast for at vi skal oppfylle visjonen for Bremange kommune som skissert i samfunnsdelen?»

I tillegg må arealdelen seie noko om no-situasjonen. Avstanden mellom framtidsbiletet og no-situasjon er utgangspunktet for eventuelle tiltak som må settast i verk. Ein kan til dømes nytte same skjema som for samfunnsdelen (døme):

<b>Tema</b>	<b>Framtidsbilete 2030</b>	<b>No-situasjon</b>	<b>Tiltak</b>
Bustader/bustadområde	100 nye bustader og 500 fleire innbyggjarar er etablert.	40 byggjeklare tomter/ledige bustader.	1..... 2.....

### 8.2.1 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse

Kommuneplanen sin arealdel skal konsekvensutgreiast i samsvar med §6a i forskrift om konsekvensutredning når planen syner nye eller vesentleg endra område for utbyggingsføre mål. Konsekvensutgreiing skal kartlegge verknader for miljø, naturressursar og samfunn av dei nye utbyggingsområda eller eksisterande byggjeområde som får vesentleg endra arealbruk. Konsekvensutgreiinga skal vere ein integrert del av planen, og sikre at allmenta får informasjon om konsekvensane av tiltaka.

Aktuelle tema for konsekvensutgreiing går fram av tabellen under:

Tema	Kunnskapsgrunnlag	Bruk av kunnskapsgrunnlaget
Transportbehov, energibruk og –løysingar, digital kommunikasjon	<p>Kystvegen Måløy-Florø</p> <p>Flaskehalskartlegging (RTP)</p> <p>Trafikkregistreringar</p> <p>Laddestasjonar for elbil</p> <p>Energi- og klimaplan</p> <p>Lokal kraftsystemutgreiing</p> <p>Strategi for breiband S. og Fj.</p> <p>NKom Dekningskart Bremanger kommune (mobil og breiband)</p>	<p>Illustrasjon av framtidig vegtrase Kystvegen</p> <p>Strategiar for framtidig utbygging bustad/næring.</p> <p>Nye kommunale bustader og utbyggingsområde bør lokaliserast slik at samla transportbehov vert avgrensa og bilbruken vert redusert.</p>
Kulturminne og kulturmiljø	<p>SEFRAK-registeret</p> <p>Askeladden (Riksantikvaren)</p> <p>Marine kulturminne</p> <p>Lokal kulturminneregistrering (Sogemnd, kulturkontor)</p>	<p>Viktige kulturminne skal markerast med omsynssone i plankartet. Innarbeiding i føresegnene.</p>
Naturmangfald	<p>Biologisk mangfald i Bremanger kommune (rapport datert 08.03.04)</p> <p>Marine naturtypar, viktige naturtypar, prioriterte naturtypar (naturbase.no)</p> <p>Artsdatabanken</p>	<p>Vurdere markering av naturtypar med omsynssone i plankartet.</p> <p>Grundig vurdering av arealbruken innanfor område der det er registrert marine naturtypar.</p>
Landskap	<p>Landskapskartlegging langs kysten av Sogn og Fjordane (fylkesatlas.no)</p> <p>Kulturlandskap i Sogn og Fjordane</p> <p>Inngrepsfrie naturområde</p> <p>Verna vassdrag</p>	<p>Utbyggingsforslag skal vurderast mot informasjon i eksisterande databasar med tanke på eventuell konflikt. Både nær- og fjernverknader skal vurderast.</p>
Landbruksressursar	AR5	Utarbeide temakart for kjerneområde for landbruk.

	Lokal landbrukskompetanse	Verknad av utbyggingstiltak for landbruksinteressene skal vurderast
Marine ressursar	Marine grunnkart Oversikt akvakulturlokalitetar Låsettingsplassar	Unngå at arealbruk for framtidig akvakultur kjem til hinder for viktige fiskeriinteresser/marine ressursar
Mineralressursar	Mineralressurskart/grus og pukk Oversikt boreholsbrønner Oversikt over eksisterande masseuttak	Sikre tilstrekkeleg areal til eksisterande masseuttak og framtidig satsing. Utbyggingsforslag skal vurderast mot informasjon i eksisterande databasar med tanke på eventuell konflikt.
Vassmiljø	«Vann-nett» (vann-nett.no)	Generelle føresegner/retningslinjer og/eller omsynssoner der ny aktivitet kan påvirke tilstanden i elv, bekk, innsjø eller kystvatn
Helse	Folkehelseoversiktdokumentet Folkehelsebarometer Fylkesspegelen Bremanger Resultat UngData Elevundersøkinga (årleg) Oversikt vassforsyningsanlegg i kommunen	Omsyn til nærfriluftsliv, gang- og sykkelveggar, tilfredsstillande drikkevatt og avstand til sosiale møteplassar etc. ved planlegging av nye bustadområde  Tilrettelegging for ulike bustadtypar
Born og unge sine oppvekstvilkår	Resultat UngData Elevundersøkinga (årleg) KDP Idrett og fysisk aktivitet Aktive barn i Bremanger Aktiv medverknad og samarbeid med skule, Ung i	Sikre at born og unge sine interesser vert ivaretekne ved planlegging av ny arealbruk.  Nye kommunale bustadfelt bør lokaliserast i nærleiken av barnehage og/eller skule for å legge til rette for at

	Bremanger etc. (demokratiplanen og Det tverrfaglege møtet)	fleire barn og unge kan gå /sykle til barnehage/skule.
Tilgjenge til uteområde og gang- og sykkelvegnett	Registrerte uteareal ved oppvekstsentra  Trafikktryggingsplanen  Nasjonal vegdatabank  Lokalkunnskap	Eventuelle temakart.  Behov for etablering av gang- og sykkelveggar skal vere ein del av vurderinga av ulike byggjeområde.
Friluftsliv	KDP Fysisk aktivitet 2017-2020  Kartlegging og verdi-registrering av friluftsområde i kommunen (under arbeid)  Lokalt viktige friluftsområde (FRIDA)  Regionalt viktige friluftsområde  Nordsjøløype  Turkart Bremanger kommune	Unngå konflikter med annan arealbruk, vurdere planføremål og arealbehov i samband med tilrettelegging for friluftsliv, som t.d. parkeringsplassar.
Universell utforming	Aktiv medverknad og samarbeid med aktuelle, t.d Folkehelseavdelinga, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  Utgreiingsbehov må vurderast for dei aktuelle	Dokumenterast at omsynet til universell utforming er vurdert for nye tiltak.  Samla vurdering av konsekvensar knytt til tilgjenge og funksjonalitet, sosial inkludering,

	utbyggingstiltaka.	utbyggingsmønster, transport, lokalklima m.m. skal leggjast til grunn ved planlegging og lokalisering av arbeidsplasser, omsorgstilbod og bustadar for grupper med behov for særlig tilrettelegging.
Beredskap og ulukkesrisiko	Risiko- og sårbarheitsanalysa for Sogn og Fjordane (fylkes-ROS) 2017 Storulukkeverksemdar  FAST  Faresonekart for skred (NVE)  Aktsemdskart for stein- og snøskred (NGI)  Aktsemdskart for steinsprang, snøskred, jord- og flaumskred og flaum (NGU)  Dambrotsbølgjeberekningar	Utbyggingsforslag skal vurderast mot informasjon i eksisterande databasar med tanke på eventuell konflikt. Potensiell naturfare skal vurderast og kartfestast for alle område der utbygging er aktuelt. Reell skred- og flaumfare (faresonekart) skal visast der dette er tilgjengeleg.
Klimaendringar og risiko for havstigning	Klimaprofil Sogn og Fjordane  Regional plan for klima og miljø, SFj.  Havnivårapporten, sehavniva.no	Krav til stormflosikker byggjehøgde, byggjegrense mot elvar og bekkar etc.  Val av strategiar for overvasshandtering i nye og eksisterande utbyggingsområde
Ureining (inkl. støy)	Grunnforureiningsdatabasen  Utslepp frå konsesjonsbelagte verksemdar  Lokal kompetanse avløpsanlegg	Eventuelle temakart. Vurdere situasjonen opp mot planlagd ny arealbruk.

Det skal takast utgangspunkt i metodikken skissert i rettleiaren frå miljødirektoratet: «Konsekvensutredningar – kommuneplanens arealdel».

Vurdering av konsekvens for dei enkelte utgreiingstema og samla konsekvens for utbyggingsforslaget bør kunne etterprøvast. Det skal derfor gå tydeleg fram korleis verdien av eit område og omfanget av utbygginga er vurdert og fastsett.

Utgreiinga skal i hovudsak byggje på eksisterande kunnskap og registreringar. I den grad det er relevant skal det og gjerast greie for avbøtande tiltak som kan minske dei negative, og forsterke dei positive verknadane av endra arealbruk. Viss arealbruken gjev store negative konsekvensar, skal ein vurdere å gå vekk frå det aktuelle forslaget.

ROS-analyse er ei analyse over risiko og sårbarheit (oversiktsanalyse) som skal leggjast til grunn for arealplanlegginga i kommunen. Kommuneplanarbeidet vil kunne føre til at kommunen si overordna ROS-analyse må reviderast. Til alle forslag til ny arealbruk i arealdelen vil planarbeidet innehalde analyse for det einskilde området, eventuelt med krav til avbøtande tiltak.

## 9 Medverknad og framdrift

---

### 9.1 Medverknad (pbl. §5)

Det er avgjerande for ein god kommuneplanprosess at det vert lagt til rette for ein brei samfunnsdebatt og skapt engasjement. Både innbyggjarane generelt, næringslivet og andre relevante målgruppe skal involverast og ha høve til å påverke kommuneplanen.

Under utarbeidinga av planprogrammet har kommunen utfordra fleire grupper til å medverke i prosessen, mellom anna bygdelaga, pensjonistlaga og Næringsrådet. I desse foraa vart det orientert om kommuneplanen med særskilt vekt på planprogrammet. Gjennom denne prosessen har innbyggjarane påverka innhaldet i planprogrammet.

I samband med møte på dei tre ungdomsskulane våre etter Ungdata-undersøkinga våren 2017, vart det også orientert om arbeidet med planprogram og kommuneplanen. Elevane hadde i forkant av møta fått oppgåver å arbeide med i skuletida, der vi stilte spørsmål om korleis dei såg føre seg utviklinga av Bremangersamfunnet og kva visjonar dei hadde for framtida.

Innspela frå alle desse møta er tekne med i det vidare arbeidet både med planprogrammet og kommuneplanen.

I planfasen er det også tenkt opplegg for medverknad gjennom ulike forum:

- Aktiv bruk av heimeside og sosiale media for å informere om aktivitetar og planprosessen og gje innbyggjarane høve til å komme med innspel og kommentarar.
- Folkemøte/arbeidsverkstader, der kommunen ynskjer at utviklingslaga skal ha ei aktiv rolle i planlegging og gjennomføring.
- Samarbeid med skule og vaksenopplæring rundt relevante tema.
- Etablere arbeidsgrupper rundt nokre hovudtema med deltakarar både frå eigen administrasjon, politikarar og eksterne deltakarar.
- Samråd med offentlege sektormyndigheiter.



Når det ligg føre eit planframlegg for samfunnsdelen skal dette leggast ut til offentleg ettersyn, slik at innbyggjarar, lag og organisasjonar har høve å komme med merknad. Ein vil vurdere behovet for folkemøte i denne perioden, for å gå gjennom planframlegget og forklare korleis innkomne innspel har vorte vurdert.

## 9.2 Framdriftsplan for kommuneplanarbeidet

<b>Oppgåve</b>	<b>Tidsfrist</b>	<b>Ansvar</b>
Vedtak av planprogram KST	Desember 2018	PL
Utarbeiding av framlegg til samfunnsdel	September 2018- mars 2019	PL
Utarbeiding av framlegg til arealdel med KU	September 2018- mars 2019	PL/Tenestekjøp
Planverkstad, medverknad frå grendelag og næringsliv	Januar 2019	PL
Samråd med offentleg sektormyndigheiter, (planforum)	Februar/mars 2019	PL
Offentleg ettersyn, samfunnsdel og arealdel	Mars-mai 2019	PL
Møte interessentar/innbyggjarar	Januar/februar	PL
Handsaming av innkomne merknader	Mai-juni 2019	PL/ tenestekjøp
Vedtak kommuneplan	Desember 2019	PL